

Midtvegsevaluering av arbeidsprogram 2019-2020

Dei to hovudoverskriftene for arbeidsprogrammet var lagsbygging og instruktørar.

Målet med lagsbygging er å knyte sterkare samhald mellom dei ulike aktivitetane. I vår hadde barne- og ungdomsgruppene ei felles framsyning der alle fekk bidra med det dei held på med. I løpet av hausten 2019 har det vorte sett ned ei plangruppe for å starte arbeidet med ei liknande framsyning for dei vaksne i laget.

I løpet av 2019 har dei vaksne i laget stilt opp som gode dugnadsfolk på fellesarrangementa 17. maikafé, verdskafé og julelagsmøte. Verdskafeen hadde vi i Nygårdsparken i haust, med innslag frå fleire særslag. I haust samarbeidde barnelaget og juniorspelemannslaget om å arrangere familiefolkedans. På julelagsmøtet i desember samla ein stappfull storsal seg til underhaldning, graut og spennande trekningar.

Laget har òg hatt fokus på samarbeid på øvingane. Kvedargruppa har vorte eit fast innslag på måndagsringen. Barnelaget og juniorspelemannslaget samarbeider om å øve opp nye dansespelemenn. Ungdomsringen og juniorspelemannslaget har i heile år hatt fellesøvingar der ungdomsringen har besøkt spelemannslaget og lært dei ulike dansar.

For instruktørane har dans- og spelgruppene starta eit tettare samarbeid med samlingar i starten av kvart semester. På samlingane har ein diskutert samarbeidet mellom instruktør og spelmann, og ulike utfordringar som kan dukke opp på øvingane. Instruktørar frå dansegruppene deltok på grunnleggande instruktørkurs i haust.

Styret ser fram til endå meir samarbeid og opplæring i 2020.